

# LEVERANDØRINDUSTRIEN

5



Plattformdekket til Gudrun-feltet klart til utseiling frå Aibels verft i Haugesund juli 2013  
(Foto: Harald Nordbakken/Haugesunds Avis)

I Noreg har vi i dag ein høgkompetent og internasjonalt konkurransedyktig leverandørindustri utvikla gjennom meir enn 40 år med petroleumsverksemd i Noreg. Dette har vore ein målretta politikk. Den spesialiserte og teknologiintensive leverandørindustrien bidrar til ein kunnskapsbase som heile samfunnet kan dra nytte av i framtida, og sysselsette direkte om lag 125 000 personar i 2012<sup>1</sup> fordelt på alle fylke i landet.


## Utvikling og sysselsetting

Tøffe værforhold i Nordsjøen, eit strengt regelverk og krevjande operatørselskap er blant faktorane som kan forklare framveksten av ein teknologisk verdsleialeverandørindustri. Norsk sokkel har fungert som eit teknologilaboratorium med utvikling av innovative løysingar som resultat. Utnyting av ressurspotensalet på sokkelen er ein viktig føresetnad for vidare forskingsaktivitet, kompetansebygging og for industrien sitt høve til å styrke konkurransekrafta. Norsk sokkel er i dag verdas største offshoremarknad og gir dermed norske leverandørar ein stor heimemarknad og grunnlaget for sysselsetting i alle landets 19 fylke.

Av dei 125 000 direkte sysselsette har om lag 26 000 fast arbeidsstad offshore. Til samanlikning jobbar omkring 27 000 personar i operatørselskapa i Noreg.

## Omsetning

Den norske leverandørindustrien omsette i 2012 for 461 mrd. kroner<sup>2</sup> og er Noregs største næring etter salet av olje og gass. Leverandørindustrien omfattar her selskap som leverer olje- og gassrelaterte produkt eller tenester til oppstraums olje- og gassindustri, enten direkte til oljeselskapa eller til andre leverandørbedrifter. Norske datterselskap i Norge av internasjonale selskap er også inkludert.



**Figur 5.1** Sysselsette i norske leverandørselskap i 2012 (i tusen). (Eks. offshore, representert med ein sirkel per region)  
(Kjelde: Rystad Energy)

<sup>1</sup> Erik Vatne, SNF, 02/13. Den spesialiserte leverandørindustrien til petroleumsvirksomhet. Omfang og geografisk utbredelse i Norge. Sjå også Rystad Energy, oktober 2013. «Aktiviteten i den petroleumsrettede leverandørindustrien i landets ulike regioner». Rapport utført på oppdrag frå Olje- og energidepartementet.

<sup>2</sup> Rystad Energy, november 2013. «Internasjonal omsetning fra norske oljeserviceselskap». Rapport utført på oppdrag frå Olje- og energidepartementet. Sjå side 6 for definisjon av selskap og marknad.


## Leveransar i heile verdikjeda

Leverandørindustrien består i dag av fleire enn 1300 selskap i heile verdikjeda: Frå seismikk og boreriggsutstyr, via ventilar, mutrar og slangar til verftsindustri, avanserte offshore supply- og servicefartøy og undervasssteknologi.

Leverandørindustrien er til stades i nær sagt heile landet. Stavanger-regionen er på mange måtar eit spegelbilete av Noreg: Regionen er den som sysselsett flest innanfor olje og gass og representerer eit breitt spekter av varer og tenester til oppstraumsaktiviteten. Elles i landet ser ein typisk fleire selskap innanfor geografisk avgrensa områder og innan same segment. I Oslo-området ser vi ein konsentrasijsjon av seismikselskap, i tillegg til eit veletablert engineering-miljø. Trondheim står sterkt i forsking- og utdanningssamanhang medan Bergensregionen har blitt eit senter for vedlikehald av plattformer og undervassutstyr.

Nokre geografiske selskapskonsentrasjonar er også formalisert gjennom Innovasjon Noregs klyngeprogram «Norwegian Centres of Expertise» (NCE):

- NCE Systems Engineering på Kongsberg og NCE Subsea i Bergen som begge er retta mot undervessegmentet.
- NCE NODE på Sørlandet som er verdsleiane på boreteknologi, bygd på kompetansen frå skipskrane og hydraulikk og utvikla gjennom fleire tiår.
- NCE Maritime på Nordvestlandet som representerer eit komplett skipsbyggings- og skipsutstyrsnettverk for mellom anna avanserte offshorefartøy.



**Figur 5.2** Mangfaldet i norsk leverandørindustri: Skisse over eit felt i utbygging og drift

## Internasjonal suksess


Av totalomsetninga på 461 mrd. kroner i den norske baserte leverandørindustrien kjem omkring 40 prosent frå internasjonale marknader, det vil seie om lag 186 mrd. kroner. Sidan 2006 har omsetninga internasjonalt vokse med om lag 11 prosent årleg. Segmentet rigg- og boretenester har den største omsetninga internasjonalt. Nesten like stort er segmentet topside- og prosessutstyr etterfølgd av undervassutstyr og -installasjon.

Dei 5 viktigaste marknadene i 2012 var Sør-Korea, Storbritannia, Brasil, USA og Singapore, jf. figur 5.3. Dei 20 største selskapa omsette for rett over 143 mrd. kroner internasjonalt i 2012, altså kring tre fjerdedeler av den totale internasjonale omsetninga til norske baserte leverandørselskap. Desse 20 selskapa hadde til saman-

likning kring 69 mrd. kroner i omsetning i Noreg i 2012. 68 prosent av inntekta deira kjem med andre ord frå internasjonal verksemeld. Dei resterande bedriftene har ei omsetning i Noreg på 206 mrd. kroner og dermed ein internasjonal del på 17 prosent.

I 1997 etablerte styremaktene og industrien stiftelsen INTSOK med mål om å styrke det langsigktige grunnlaget for verdiskaping og sysselsetting i norsk olje- og gassindustri. INTSOK er regjeringas viktigaste verkemiddel for internasjonalisering av olje- og gassindustrien.

Talet på sysselsette, stor geografisk utbreiing nasjonalt og ein plass i den internasjonale eliteserien for petroleumsretta leveransar er gode bevis på at den langsigktige satsinga på å byggje opp ein sterkt norskbasert leverandørindustri har bore frukt. I sum tyder dette også på at petroleumslova blir følgt: Ressursane på sokkelen skal forvaltas i eit langsigktig perspektiv slik at dei kjem heile det norske samfunnet til gode, mellom anna gjennom å sikre sysselsetting og styrke norsk næringsliv og industriell utvikling.



**Figur 5.3** Internasjonal omsetning 2012, 25 største land (Kjelde: Rystad Energy)

### Faktaboks 5.1

**Sør-Korea**, som ein ikkje tenkjer på som ein typisk petroleumsprovins, er den viktigaste marknaden målt i omsetning. Det kjem av norske leveransar, i hovudsak av plattformdekk- og prosessutstyr, inkludert borepakkar, til koreanske verft.

Omsetninga i **Storbritannia** fordeler seg på ei større breidde av produktsegment, medan **Brasil** er prega av høg omsetning i relativt få segment: Rigg og boretenester, transport og logistikk (i hovudsak utleige av skip) og undervassutstyr og -installasjon.